



Statsforvaltaren I Rogaland

Dato: 22.06.2023

Postboks 59 Sentrum

Dokumentnummer: 22/10046-8

4001 Stavanger

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Evy Helland

Spørsmål om uttale til byggesøknadar om rehabilitering av private avlaupsanlegg i høve prosjekt "Frisk Langåkerå"

I Karmøy kommune har me eit pågåande prosjekt som går ut på å betre vasstilhøva i Langåkeråna (bekk/elv). Tilsyn avlaup, naturforvaltarar, landbruksavdelinga og vassområdekoordinator har gått saman om å føre tilsyn og gjere tiltak i og rundt åna. Det er mykje e-coli i åna på grunn av utslepp frå private avlaupsanlegg og landbruksverksemd.

Det er om lag 130 private avløpsanlegg i nedslagsfeltet for åna. Dei fleste av desse er svært gamle og nokre eigedomar har direkte utslepp til åna. For å nå reinsekrava i forureiningsforskrifta må disse skiftast ut med minireinseanlegg. Målet er å få alle skifta ut i løpet av dei neste åra. Det er ikkje kommunalt vatn og avlaup i området, og det er heller ingen planar om å etablera det.

Me er i startgropa med tilsyn og oppfølging med etter tilsyn. Oppfølging består av tilsynsrapport med eventuelle avvik, samt varsel og pålegg om rehabilitering der det er naudsynt. Me har allereie byrja å få søknadar om utsleppsløyve og byggesøknad for anlegga. Området er avsett til LNF-område og krev dispensasjon frå føremålet. Nokre få ligg sannsynlegvis i 100-metersbeltet og krev difor dispensasjon fra pbl. § 1-8.

Spørsmålet mitt er om byggesøknadane bør sendast på uttale til dykk eller om dei vurderast til å ikkje berøra dykkar saksområde. Me vurderar eit skifte av anlegg som utelukkande positivt og tenker at eit krav om høyring vil både fordyra og forlenga prosessen for dei som må skifte anlegg. Landbruk skal sjølvsgart vurdere saka etter jordlova der det er naudsynt.

Me vil i alle høve vurdera kva einskild sak konkret, så sjølv om utgangspunktet vert at sakane ikkje skal sendast på uttale, så kan det vera me likevel finn det naudsynt i nokre sakar.

Legg ved informasjonsbrevet som vart sendt til dei 350 berørte grunneigarane i forkant av eit informasjonsmøte med hadde. Dette beskriv prosjektet. Legg og ved eit kart over nedslagsfelt og berørte eigedomar. Dersom det er ynskjeleg kan me sende liste over alle gards- og bruksnummer prosjektet berørar. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål knytta til dette.

Med helsing

Evy Helland
jurist

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til:

Birthe Smistad
Statsforvalteren i Rogaland
v/Marita Falnes

Vedlegg:

Informasjonsbrev til grunneiere i nedbørfeltet til Langåkeråna
Kart Langåker